



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - SEPTEMBER 2019

24. ÅRGANG




Foto: Einar Baltzersen

Tresfjord kyrkje ved midtsommar

Gud ser oss – og best av alt – Gud bryr seg!

Av Kristine Simonnes

Salme 139, 1-17.

Til korleieren. Av David. Ein salme.

Herre, du ransakar meg og du veit – du veit om eg sit eller står, på lang avstand kjenner du mine tankar. Om eg går eller ligg, ser du det, du kjenner alle mine vegar. Før eg har eit ord på tunga, Herre, kjenner du det fullt ut. Bakfrå og framanfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg. Det er eit under eg ikkje skjønar, det er så høgt at eg ikkje kan fatta det.




Foto: Kristine Simonnes.

Kvar skulle eg gå frå din pust, kvar kunne eg rømme frå ditt andlet? Stig eg opp til himmelen, er du der, legg eg meg i dødsriket, er du der òg. Tek eg soloppgangens venger og slår meg ned der havet endar, då fører di hand meg jamvel der, di høgre hand held meg fast. Eg kan seia: «Lat mørkret løyna meg og lyset omkring meg bli natt.» Men mørkret er ikkje mørkt for deg, natta er lys som dagen, mørkret er som lyset. For du har skapt mine nyrrer, du har vove meg i mors liv. Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt. Knoklane mine var ikkje skjulte for deg då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda. Auga dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok, dei fekk form før éin av dei var komen. Dine tankar, Gud, er dyrebare for meg, summen av dei er ufatteleg!

Andakt av Kristine Simonnes.

For mange kan det bli opplevd som betryggande at Gud alltid ser oss. For andre kanskje skremmande. Ser verkeleg Gud også alt det gale eg gjer? Ser Han meg på mitt verste? Ja, det står at Han kjenner alle våre vegar. Får det deg til å sukke? Bli stressa? For korleis kan eg med mine feil våge å søke Gud? Eg har sjølv ofte vendt blikket mitt bort frå Gud, heller enn å møte Han. Men det er nettopp i dei tidene eg må minne meg om kva som faktisk er sanninga. For ja, Gud ser meg, men korleis ser han egentlig på meg?

I Sefanja 3, 17-18 står det: «Herren din Gud er hos deg, ein helt som frelser. Han gleder og frydar seg over deg, viser deg atter sin kjærleik. Han jublar over deg med fryd som på ein høgtidsdag». Wow!

La det synke inn litt. Gud ser faktisk på oss med auge fulle av kjærleik. Ei mildheit og ein godleik som varmar slik som når solstrålane treffer deg i ansiktet. Ein kjærleik som dekkjer

deg som eit varmt teppe på ein vinterdag. Gud elsker deg. Ja, akkurat deg! Uansett. Då blir det faktum at Gud ser meg og kjenner meg fullt ut ein befriande tanke. At Han kjenner meg fullt ut og likevel elsker ein som meg. At Han omfamnar meg midt i kaoset mitt. Men kva med synda mi? Kva gjer eg med denne søppelsekken eg går og ber på? Ingenting øydelegg oss sjølve, forholdet til Gud og andre menneske meir enn synda og konsekvensane av den. Synd er alvorleg. Men Gud elsker kvar einaste ein av oss trass i våre feil, ikkje på grunn av kva vi får til! Han står alltid med opne armar. Han vil fjerne søppelsekken vi ber på viss vi berre tillet Han å gjere det. Vi kan alltid kome til Jesus og be om tilgjeving, og Han vil slette ut vår synd og skam. For det er nettopp skamma som verkeleg kan få oss til å unngå blikket til Gud. Skamma driv oss vekk. Skamma seier til oss at vi er diskvalifisert til å tilhøre Gud. Men Jesus tok på seg all vår synd då Han døydd på korset, og difor kan vi frimodig søkje blikket til Jesus i alle situasjonar. Vi kan få lov til å be og snakke med Jesus slik som ein venn, for det er nettopp det Han er. Kor tid var sist gong du delte hjartet ditt med Han? For hos Han er det frelse å få. Hos Han kan vi finne kvile. Hos Han kan vi dele vår frustrasjon og våre gleder. Hos Han kan vi verkeleg forstå kven vi er fordi vi er Hans skaparverk.

Gud ser deg - om du sit eller står, går eller ligg. *Men best av alt – Gud elsker deg!*



The Hug av Chris Hopkins

Takk at du tok mine byrder

Av Jostein Kenneth Maude

Trygve Alvgeir Bjerkrheim (1904-2001) fekk eit langt og rikt liv som redaktør, forkynnar, lærar og diktar. Han skreiv tusenvis av dikt og songar. Trygve brukte grøn tusj når han skreiv. Bjerkrheim vart utdanna teolog i 1930. Frå 1936 til 1971 redigerte han bladet Utsyn som er hovudorganet for NLM. Trygve Bjerkrheim har mellom anna skrive «Han tek ikkje glansen av livet», «Det er makt i de foldede hender» og «Takk at du tok mine byrder». Ved slutten av livet sitt vart han spurt om kva salme som vil leve lengst. Han svarte at det var «Takk at du tok mine byrder».

Vi finn salmen i Sangboka på nummer 288 med tre vers. Salmen er teken inn i Norsk Salmebok som nummer 381 med tre vers. Salmen vart skriven i 1972. Trygve Bjerkrheim hadde høyrte morgonandakt om Messias som var Guds son-offer på NRK.

Det meste av livet budde Trygve Bjerkrheim på eller i nærleiken av Fjellhaug skoler i Oslo. Han vart mykje nytta som timelærar ved skulen. Bjerkrheim etterlet seg ingen barn, men mange venner og ein stor arv med litterær produksjon. Knut Ose (1936-2017) frå Ørsta har sett tone til salmen. Han har tonesett fleire av Bjerkrheim sine songar. Knut Ose var tilsett som kommunal musikk lærar i Ørsta og Volda.

*Takk at du tok mine byrder,
eit høgfjell av skuld og av skam.
Du bar det på skuldrene dine,
du skuldlause, sonoffer-lam.*

*Takk at du bar mine synder,
betalte mi skyhøge skuld.
Med blod frå ditt fullkomne hjarta,
og ikkje med sylv eller gull.*

*So vil ved korset eg standa,
med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
med Jesus til æveleg tid.*



Kyrkjeverja sitt hjørne

Då er hausten allereie i gang, med dei faste aktivitetane rundt omkring i kyrkjer og på institusjonar. Det var godt for staben å få nokre ferieveker no i sommar. April og mai var hektisk med alt ekstra som skjer i forbindelse med påska og konfirmasjonane. Alt er gjennomført etter planen og det er flott å sjå den store oppslutninga som er på desse arrangementa.

Veidekke entreprenør er no ferdig med utvidinga av Vestnes kyrkjegard. Det tok noko lengre tid enn først antatt, men det blei i alle fall eit flott sluttprodukt dei leverte frå seg. Det er enno ikkje bestemt dag og tid for vigsling av den nye kyrkjegarden, men det blir ein gong i løpet av hausten.

Ein komite har arbeidd med å få betre lyd kvalitet på arrangementa i Vestnes kyrkje der kor/korps/band etc. deltek. Det er spesielt når barnekora opptre og under dei mange «Guds-tjenestene med trøkk» som vi har gjennom året at dette vil merkast positivt for tilhøyrarane. Eit nytt mixebord er kjøpt inn, og det vil bli plassert nede i kyrkjerommet, og ikkje på galleriet der det gamle mixebordet stod. Dette vil lette arbeidet for den som styrer mixen, og den kan også styres trådløst ved hjelp av iPad. Vi kan fortsatt bruke dei eksisterande høgtalarane. Då har vi også eit fullverdig tilbod til dei som vil leige kyrkja til konsertar.

Det har vore litt skifte i staben i løpet av sommaren. Vikar for trusopplærar, Kristine Simonnes, har slutta no i sommar, og skal starte i ny jobb i Volda. Ho har gjort ein flott jobb i vikariatet for Ingvild Venås Sanchez, og vi vil ønske henne lykke til i Volda. Fram til Ingvild kjem att frå permisjonen sin, vil vi finne interne løysingar i arbeidet innafør trusopplæringa. Jostein Maude har gått ut i permisjon fram til midten av desember i samband med at han har blitt «tvillingpappa». Der blir det fleire aktørar som steppar inn i permisjonstida, mellom anna Sissel Schjøtt vil då hjelpe oss ein del.

Til slutt vil eg oppmode alle medleamar av Den norske kyrkja å bruke stemmeretten når vi 9. september skal gå til val på nye sokneråd og bispedømmeråd.

Godt val!

Olav Egil Tomren




Då prosten Stub drukna på Tresfjorden

Av Lars Sigmund Kleive

Når ein les og høyrer om det som hendte i tidligare tider, er det enkelte ting som set seg fast i minnet. Slik er det og med dramaet då prosten Jens Stub drukna på Tresfjorden den 24. oktober i 1819. Opplysningane er henta vesentleg frå Veøyboka 1 og Brovoll-boka. Det var ikkje sjøforklaring eller havarikommisjon den tida, så dette er hendin-gane slik som dei som opplevde det, har fortalt om det. Det var også den gongen mange rykte som gjekk, både om forbanning frå ei kjerring med kunnskap om trolldom og om feil ved båt og segl.

Prost Jens Stub var fødd 3. mars 1764 i Eid i Nordfjord, der faren hans var sorenskrivar. Han studerte i Bergen i 1782 og var så huslærer på Sjelland i Danmark i to år. Han blei cand. theol. i 1788. Frå 1791 var han sokneprest i Alta og Talvik, og prost i Vest-Finnmark. I 1801 vart han utnemnt til sokneprest i Veøy, og frå 1817 var han prost i Romsdal prosti.

Prost Stub var ein dyktig og interessert skulemann og god kontormann. Han var den første presten her som begynte å føre ordentlege kyrkebøker. Som dei fleste av prestane på den tida, var Stub påverka i rasjonalistisk retning. Biskop Bugge satte han derfor ikkje høgt. Stub var ut-sending for Romsdal til riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814.



Veøy-presten og Eidsvoll-mannen Jens Stub (1764-1819).

Dødsfald

Dybt nedbøiet af Kummer [sorg], bekendtgjør jeg herved for fraværende Slægt og Venner, at min Mand, Jens Stub, Provst over Romsdals Prostie og Sognepræst til Vedøe Præstegjeld i Trondhjems Stift, den 24de denne Maaned paa hans Søreise i et haardt Veir til en af Kaldets Annex-Kirker tilsatte, i hans Alders 55de Aar, Livet, ved at kuldseile, og saaledes pludseligen berøvedes mig og 8 uforsørgede Børn.

Vedøe Præstegaard, den 27de October 1819.

*Gjertrud Helene Stub
født Heiberg.*

Annonse i Den norske Rikstidende 12. november 1819, under rubrikken Indrykkelse mod betaling. Dødsfald. Annonse var skriven med gotisk skrift, og vi gjev den her att med latinske bokstavar slik Vestnes sogelags Årsskrift 2017 trykte den.

Den 24. oktober 1819 skulle Stub forrette ved anneks-kyrkja på Sylte i Tresfjord. Han og skysskarane kom til Gjermundnesbukta på ettermiddagen den 23. oktober fra Veøya, der Stub budde, for å overnatte på Gjermundnes gard hos fogden Killinberg (somme kjelder seier at det var hos oberstløytnant Wisløff). Om morgonen bles det kraftig kuling, så fogden forsøkte å overtale han til å innstille reisa. Det ville ikkje Stub, og han let skysskarane ro forbi neset så han kunne gå ombord i båten ved Leikarnes. Nordavinden var ujamn, og dei måtte vise stor varsemd når dei skulle bruke segl. Dei segla inn fjorden, og det gjekk fort. Då dei var komne til Skorgeneset, berre eit geværskot frå land, fekk dei brått ein kraftig kastevind, det vart sagt han kom frå Helsetnakken. Båten gjekk rundt, visstnok fordi seglet var frose fast til masta så dei ikkje fekk det ned i tide. Det var folk på land som såg båten gå rundt, og hjelpa kom raskt til. Likevel drukna alle som var i båten.

Rorskarane frå Vågstranda var erfarne båtfolk: Ola Jonsen Bjørke 34 år, Peder Lassenes Kjølset 32 år, Tomas Olsen Reistad 21 år, Ivar Pedersen Reistad 42 år og Knut Eriksen Reistad 48 år. Det blei straks starta med sokning, men det var vanskelege forhold. Dagen etter kom det kulde og snø. Dei omkomne rorskarane vart funne utover hausten, den siste 1. desember. Eit treskrin som var i båten, vart funne att i fjøra i Vistdalen seinare på året. Prosten Stub vart aldri funnen.



Måndalingane og Tresfjord-kyrkja

Av Martinus Løvik



Daugstadvfjellet sett frå Brastad. Til venstre Daugstad-Blåtinden og fjellrekka innover mot Måndalen, til høgre Lisleknubben, Storknubben og attast den spisse Øspetinden. Mellom desse fjellrekkeane gjekk den gamle ferdselsvegen mellom Tresfjorden og Måndalen over Lågfjellet og langs Stavvatnet til Venås. Foto: Martinus Løvik.

I gamle dagar, før dampbåtane kom, var det mykje samband over fjellet mellom Måndalen og Tresfjorden. Den vanlegaste ruta var frå Venås, forbi Stavvatnet over Lågfjellet til Daugstad. Her for dei med hestar til Romsdalsmarknaden, og med krøter og handelsvarer året rundt, eller dei skulle til den andre bygda for å søkje teneste eller vere med på bryllup eller gravøl. Det var ikkje uvanleg at 'nabogardane' på Venås og på Daugstad, Brovold og Sætre bad kvarandre til slike livets høgtider og minnedagar. Vi har mange historier om ferdsla over fjellet.

Vegen mellom Venås-setra til Daugstad-setra og Sess-setra var ikkje lang for spreke gutar ein laurdagskveld sommarstid, men ungdommane frå Måndalen og Tresfjord møttest også på ein annan måte – det var ikkje uvanleg at ungdommar frå Måndalen gjekk til gudsteneste i Tresfjord-kyrkja. Kyrkjebakken etter gudstenesta var ein viktig møteplass før i tida, og måndalsungdommane vart gjerne bedne med inn til eit matamål hos slekt og vener på Sylte før dei tok på heimvegen att. At ungdommane kom godt overeins på desse møteplassane, ser ein når ein les bygdebøkene for Voll og for Tresfjorden – i begge bygdene fann mange ektemaken sin på andre sida av fjellet.

Vestnespresten Otto Theodor Krohg gjekk i 1850-åra fleire gonger på ski over fjellet frå Daugstad til Måndalen. Rundt 1860 og 1870 var det sterk religiøs vekking i Måndalen, med til dels noko ytterleggåande former der folk på møta rundt i heimane seig ned på golvet halvt i uvett med høglytt gråt, syndsvedkjenning og bøn, det dei kalla «fall».

Dette likte den rasjonalistiske Vestnes-presten Krohg svært dårleg. Betre vart det ikkje etter at nokre nyfrelste måndalsungdommar hadde vore på Vestnes og i Tresfjord for å omvende folk. Krohg skreiv mellom anna i Romsdals Budstikke om dette. Eit svar i avisa frå ein måndaling – året er 1879 – gjev eit interessant glimt inn i tilhøva for 150 år sidan, og me gjev att litt av det han skreiv:

«Og når så vi, ungdommer fra Måndalen, om somrene gjorde gjenbesøg ved Sylte kirke (han har omtala Krohg sine skiturar til Måndalen), husker jeg så godt det faderlige blik og venlige smil, hvormed 'han Krohg' belønnede os for den lange fjeldvandring, der dog ingenlunde var lang – snarere kun en lyst og leg for os.

O ja! der er mange både lyse og mørke dager her, rundne siden den gang, og tiden har med sit alvor bleget disse som så mange andre minder fra vor 'gyldne alder'. Vestnæspræstens skiture til Måndalen såvelsom måndalingernes hyppige kirkebesøg ved Sylte kirke er forlængst ophørte. Dampskipsfarten har nu gjort folk for magelige for en slig kirkevei som den over Daugstadvfjeldet».

Kunne det kanskje vere ein tanke å gjenopplive denne gamle tradisjonen med ein kyrkjetur over fjellet, til dømes ved å organisere ein dagstur frå Venås over Daugstad- og Sessfjellet til den årlege olsokgudstenesta i Tresfjord kyrkje? Ei lita pilegrimsvandring, kortreist og heilt fri for flyskam?

Kyrkjevalet 2019

Snart er den store valdagen her. Den 9. september er det val av nytt sokneråd på same stad og til same tid som det er val av nytt kommunestyre. I kyrkjebladet denne gongen finn de liste over alle kandidatane i alle sokna. Det er høve til førehandsrøysting på kyrjekontoret til og med 6. september. (kl. 09.00-15.00). Det er viktig at vi nyttar stemme-retten vår. Godt val! Supplerte kandidatar er kandidatar som har komme til etter at den ordinære fristen for forslag på kandidatar var ute, men innafor tilleggsfristen.

Kandidatlistar

Soknerådsvalet 9. september 2019

Fiksdal sokn

1. Thor Ringsby, f. 1950
 2. Ola Nakken, f. 1958
 3. Sigmund Leif Rekdal, f. 1946
 4. Aase Karin Marken, f. 1957
 5. Kjell Magne Nakken, f. 1950
 6. Reidun Johanne D. Oterhals, f. 1955
 7. Petter Inge Bergheim, f. 1948
 8. Gunnar Elias Kjørstad, f. 1949
 9. Harald Anders Nakken, f. 1938
 10. Anne Ingebjørg Solli Rekdal, f. 1948
- Supplerte kandidatar:*
Steinar Kjerstad Aasgard, f. 1968

Tresfjord sokn

1. Ivar Arne Gjeitnes, f. 1944
2. Magnhild Bjermeland, f. 1953
3. Sarah Anett Nystøyl, f. 1977
4. Harald Bjermeland, f. 1952
5. Øystein Løvik, f. 1966
6. Ole Kristian Løkke, f. 1995
7. Beate Løvik, f. 1950
8. Lars Helge Eidhamar, f. 1966
9. Turid Dagrøn Skorgen, f. 1955
10. Tore Bjermeland, f. 1947
11. Ellen Johanne Andreassen, f. 1953

Vestnes sokn

1. Håvard Skrede, f. 1961
 2. Marit Anderson, f. 1987
 3. Lars Tore Bjermeland, f. 1977
 4. Per Ottar Bjørdalsbakke, f. 1952
 5. Randi Beate Kleive Bredeli, f. 1975
 6. Peggy Engås, f. 1967
 7. John Meier Hurlen, f. 1947
 8. Tone Fjørtoft Aas, f. 1959
- Supplerte kandidatar:*
Ingvar Gjelsten Eidsvik, f. 1960
Nina Kvernmo, f. 1965

Vike sokn

1. Olha Lyakhovyn, f. 1983
 2. Bjarne Olav Leikarnes, f. 1956
 3. Liv Randi Sæter Balstad, f. 1960
 4. Anna Sigrun Vollen Balstad, f. 1963
 5. Liv Gunn Gislås, f. 1952
 6. Wenche Iren Rødal, f. 1960
 7. Emil Balstad, f. 1961
 8. Asbjørn Gislås, f. 1950
 9. Silje Anita Kildal Uri, f. 1984
- Supplerte kandidatar:*
Oliver Richard Hegdal Hoem, f. 1999

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gislås,
Martinus Løvik, Nina Kvernmo og Reidun Blø

Adresse: Kyrjekontoret, 6390 Vestnes

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil ha
med i Kyrkjebladet, til å ta
kontakt med redaksjonen.*

**Vi er avhengige av gaver til drift og
distribusjon av Kyrkjebladet.**

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.

Vipsnummeret er: 511986

**Det er muleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.**

Konfirmantar i Vestnes våren 2019



Fjelsdal-konfirmantar. Foto: Kari Utgård



Vestnes-konfirmantar. Foto: Kari Utgård



Tomrefjord-konfirmantar. Foto: Kari Utgård



Tresfjord- og Vike-konfirmantar. Foto: Kari Utgård

Her er det fest og glede, her er det dans og song

I juni var det kjekk fest for sittedans-deltakarar med dans, pizza, smashkake, song om sola og bibelforteljinga om den bortkomne sonen. Siste gong før sommaren brukar vi å kose oss ekstra. Det er alltid like kjekt å treffast, her er vi rause med varme klemmar og gode ord.



Mariann Abrahamsen har vore ivrig med på sittedans i mange, mange år!!



Anne Grethe Henriksen er så glad i musikk!



Liv Turid Kristiseter og Bodil Bryn Kvistad har vore trufaste og ikkje minst engasjerte instruktørar i sittedans i svært mange år!!!



Helga Marie Hellevik og Arne Balstad kosar seg med nydeleg kake


Gudstenestevandring til Korsstøneset

2. pinsedag var det igjen gudstenestevandring til Korsstøneset på Gjermundnes. 25 personar møtte fram og gjekk stigen, som dels snodde seg langs fjøra, dels langs åkerkanten og dels gjennom skogen. Ved stoppa undervegs var det song, skriftlesing, bøn og tekstmeditasjon. Vandringa enda opp med nattverd på Korsstøneset. Segna fortel at det i tidleg middelalder skal ha budd ein munk her. Han tok imot tiende frå dei sjøfarande og gav

dei bøner, velsigning og lækjarhjelp. Steinkrossen som kanskje ein gong stod her, er borte. I staden er ein kross av bjørkestammar reist av bygdas nolevande.

Anders Barstad, Jostein Maude og Oliver Hegdal Hoem leia vandringa, som vart avslutta med kyrkjekaffe i Gjermundnesbukta.

Liv Gisnås



KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



DET FINNES INGEN PLAN(ET) B

Av Per Audun Høgset

«Tror du huset ditt vil brenne? Svaret er nei. Men du tegner jo brannforsikring? Ja, selvfølgelig. Sann er det også med klimapolitikk. Er det risiko for at mennesket påvirker klima, så er den risikoen så fatal at vi er nødt til å gjøre hva vi kan, og så vil vi oppdage at en effektiv klimapolitikk koster en bagatell i forhold til den gigaskade som vi risikerer å skape hvis vi ikke fører en effektiv og litt kostbar klimapolitikk.»

Kåre Willoch uttalte dette under Arendalsuka 2018, der han deltok i et arrangement. Temaet var **migrasjon, klima og fattigdom**. Disse tre områdene henger nøye sammen, og man må få til gode løsninger gjennom internasjonale avtaler og nasjonal og lokal innsats for å lykkes. **Vern av miljø og dyre- og planteliv** er også avgjørende for at kloden skal være beboelig for oss og kommende generasjoner. De fleste av Kyrkjebladet sine lesere kjenner sikkert til den svenske jenta Greta Thunberg (16 år), som gjennom sine ord og handlinger har skapt et enormt engasjement hos barn og ungdom. Millioner av unge mennesker verden over stiller opp med krav til voksne om å handle nå. De er redde for at politikere ikke gjør nok og overlater miljøregninga til kommende generasjoner. Greta Thunberg har holdt appeller i mange land, nasjonalforsamlinger og organisasjoner, som for eksempel FN og EU-parlamentet. Hun har også møtt pave Frans, som deler hennes engasjement og bekymringer, og hun er tross sin unge alder kåret av magasinet Time til et av verdens 100 mest innflytelsesrike mennesker.

(Foto: Terje Bendixby/NTB)



Engasjementet til barn og unge ble diskutert på Kirkemøtet våren 2019 der møtet kom med denne uttalelsen; **Kirka støtter klimastreikende ungdom.** *«Jeg vil at dere skal få panikk. Og så vil jeg at dere skal handle. Jeg vil at dere skal handle som dere ville gjort i en krise. Jeg vil at dere skal handle som om huset deres står i brann. For det gjør det.» Greta Thunberg, Davos, januar 2019.*

I mars streiket 40 000 norske skoleelever fordi jorda de skal arve er truet. Nå brenner det! Men det er fortsatt tid til å begrense klimaendringenes katastrofale følger. Om alle gode krefter slår seg sammen, klarer vi det. En jord i balanse gir fremtidshåp. Klimaendringer trenger politiske og teknologiske løsninger – men dypest sett er det et moralsk spørsmål. Det handler om vårt forhold til Skaperen, skaperverket og vår neste.

Overforbruk og rovdrift på jordas ressurser er dypt urettferdig; det ødelegger naturen og utarmer livsgrunnlaget for våre medmennesker. Kampen mot klimaendringer er derfor en kamp for solidaritet og rettferdighet. Dette er en sentral del av kirkas oppdrag. Vi utfordres til personlig livsstilsendring og samfunnsengasjement. Kirka vil gjennom «Grønne menigheter» og interne klimatiltak gjøre sitt for å bidra til et bærekraftig samfunn. Kirkemøtet 2019 utfordrer regjeringen, Stortinget og lokale folkevalgte til å spille på lag med gode krefter i befolkningen, se sitt ansvar og handle før det er for seint.

Vi forventer at:

- Norge innfrir alle sine forpliktelser i Paris-avtalen og kutter nasjonale utslipp i henhold til våre mål innen 2030
- Norge omstilles raskt til et grønt og bærekraftig samfunn
- Norge intensiverer arbeidet med overgang til lavutslippssamfunnet
- Regjeringen tar initiativ, sammen med partene i arbeidslivet, til å skape nye grønne arbeidsplasser
- Norge øker sine bidrag til internasjonalt samarbeid og klimatilpasningen i fattige land
- Norge er et foregangsland for bevaring av biologisk mangfold
- De som rammes hardest av klimaendringene, er med på å utforme løsningene

Kirkemøtet oppfordrer til å bruke stemmeretten ved høstens kommune- og fylkestingsvalg til å prioritere klima. De streikende ungdommene er med rette opprørte. Sammen med ungdom, miljøbevegelsen, næringslivet, andre tros- og livssynssamfunn og frivillige organisasjoner, vil Den norske kirke bidra til å omforme vårt samfunn i en bærekraftig retning. Sammen har vi bygd velferdssamfunnet. Sammen skal vi skape framtida.

Møre bispedøme sitt ungdomsting 2019 var på Vestheim

Ungdommar vil bli høyrte i kyrkja

– Kyrkja er viktig for ungdommen og det må satsast mykje sterkare på å få ungdom inn i jobbar i kyrkja. Dette var meldinga frå 40 ungdommar frå kyrkjelydane i Møre, samla til ungdomsting på Vestnes. Biskop Ingeborg Midtømme deltok under heile samlinga, m.a. med innlegg, samtale, gudsteneste og meir uformelt samvær. Samlinga var leia av ungdomsrådet støtta av rådgivar for Ungdom i Møre bispedøme, Inger Marie J. Sylte og rådgivar diakoni, Toril Holm.

Ungdommane var samla for å drøfte ungdommen si rolle i kyrkja, inspirere kvarandre til engasjement i kyrkjelyden og sette søkelys på utdanning til kyrkjelege stillingar som kateket, diakon, prest eller kantor. Frå Vestnes kommune var det fire delegatar som var påmeldt til Ungdomstinget. Av dei vart Odin Johan Jakobsen Sylte valt inn som vara i det nye ungdomsrådet. – Det var flott å møte alle dei som var med på Ungdomstinget. Alle som deltok var veldig hyggelege og opne. Dei var lette å bli kjent med. Eg vil sitje i ungdomsrådet fordi då kan eg gjere noko som er viktig for meg og trua mi. Det var veldig kjekt at biskopen brukte så god tid til å snakke med oss. Ekstra kjekt var det å møte teologi-studentane, oppsummerer Odin Johan J. Sylte.

Kyrkja si framtid

- *Ungdommen er kyrkja si framtid, og vår stemme må bli høyrte, understrekar ungdommane. Under samlinga drøfta dei spørsmål som:*
- *Kva skal til for at ungdommar skal velje ei yrkeskarriere i kyrkja?*
- *Kva hindrar ungdom frå å velje eit studium til kyrkjeleg teneste?*
- *Korleis kan ungdomsråd og organisasjonar rekruttere ungdom og unge vaksne til å arbeide i kyrkja?*

Mange ungdommar opplever at det i skuledagen og kvardagen er lite informasjon og kunnskap om kyrkjelege stillingar, og at det også finst ein del fordommar knytt til kyrkja. Kristne ungdommar kan også oppleve stigmatisering.

For å betre på dette kom det fram ei rekkje konkrete forslag, slik som:

- Skape eit sterkare miljø for ungdom i kyrkja
- Meir dialog mellom yrkesgruppene i kyrkja og ungdom
- Promotere kyrkjelege jobbar betre, både i kyrkjerommet, leirar, samlingar osv.
- Gi ungdommen meir ansvar og oppgåver i gudstenesta
- At kyrkja er synleg på utdanningsmesser og andre jobb-arenaer
- Personlege møte med menneske som har jobb i kyrkja.

Rekruttering

Ungdomstinget i Møre etterlyser sterkare tiltak for å rekruttere ungdom til kyrkjeleg utdanning og kyrkjelege stillingar. Gjennom gruppearbeid har dei kome fram til ein felles uttale som dei vil sende vidare til bispedømerådet og Ungdommens kyrkjemøte som er seinare i år. Snittalderen på tilsette i kyrkja aukar, og det er utfordrande å rekruttere. Samtidig viser undersøkingar at ungdom som startar på kyrkjeleg utdanning i all hovudsak har bakgrunn frå kristent ungdomsarbeid. Derfor har dei kyrkjelege ungdomsråda ei viktig rolle. Under ungdomstinget på Vestheim i Vestnes var det ved sidan av sjølve sakskartet også gruppearbeid med case, foredrag om klima, god tid til å bli kjent, sosialt samvær og aktivitetar.

Rådgivande

Ungdomsrådet i Møre bispedøme har ein rådgjevande funksjon overfor biskop og bispedømeråd, kjem med innspel kring ungdomsspørsmål, og kan fremje saker overfor desse organa. Rådet skal også vere ein ressurs for ungdomsarbeid og kyrkjelydsliv i Møre, og skal vere involvert i fordeling av ressursar til ungdomsarbeid i kyrkjelydane. Ungdomsrådet består av eit arbeidsutval på 7 ungdommar frå kyrkjelydane i Møre. Desse kjem saman til møte fire gonger i året. I tillegg blir det årleg halde eit ungdomsting, der alle ungdommar i Møre som er medlemmar i kyrkja kan delta. Bispedømerådet møter også ungdomsrådet minst ein gong i året.

For meir informasjon:

Rådgivar ungdom:

Inger Marie Jakobsen Sylte, mobil 997 17 442



Tradisjonsrik 1. pinsedag på Veøya

Prestegarden og hovedkyrkja for Vestnes og Tresfjord låg på Veøya – 'den heilage øya' - frå gamalt av, og fram til Vestnes vart skild ut som eige sokn i 1847. Veøya heldt likevel lenge fram med å vere hovedkyrkja vår i folket si oppfatning, og til ut på 1880-talet høyrer vi om ungdomar som konfirmerte seg 'innpå æ'n', sjøl om eg har problem med å finne noko om det i kyrkjebøkene. Lenge var det også ein tradisjon å dra 'innpå æ'na' til gudsteneste 1. pinsedag, og eg hugsar sjølv det brukte bli sett opp båt frå Tresfjorda dit inn pinsdagen.

Framleis er det pinsdagsgudsteneste der inne, også i år med båt frå Nesjestranda organisert av Romsdalsmuseet, og med

god tid til å vere med på omvisning i den gamle prestegarden og å sjå seg om på den vakre øya. Skåla idrettslag sytte for at det var eit godt utvalg av mat å få kjøpt. Det vart ein festdag av dei sjeldne, med så godt som fullsett kyrkje, og strålande ver. Nokre timar pinsdagen var det snart like mykje folk som sauer som 'befolka' øya! Øya var ikkje utan grunn Noregs første landskapsvernområde, og her er den eldste kristne grava i Noreg funnen, truleg frå 940-talet.

Veøya - ein pinsdagstur å tenkje på til neste år! - du får med deg både gudsteneste i den gamle Peterskyrkja frå 1100-talet, historie og vakker natur!

Martinus Løvik



Altartavla i gamle Veøy kyrkje er ei tekst-altertavle, som ein periode var vanleg.



Kyrkja og prestegarden ligg i eit fagert kulturlandskap, med vakker utsikt til øyer, holmar og fastlandet.



Den gamle prestegarden og kyrkja på Veøya ligg så å seie vegg i vegg – då var det verre når presten skulle til dei andre kyrkjene i sognet, Rødven, Vestnes og Tresfjord. Då enda det stundom med ulykke.

Takk til Kari og Kari

Kari Nakken og Kari Moe Elgsaas har vore trufaste medarbeidarar i redaksjonskomiteen for Kyrkjebladet i over 9 år. Kari N. slutta etter påskenummeret, og dette er siste bladet Kari M. E. er med på. Vi vil sakne dykk, og rettar ein stor takk til begge!

Martinus Løvik og Nina Kvernmo er nye medarbeidarar, - vi ønskjer dei velkomne! Sidan også Audbjørg G. Lippert har slutta i løpet av siste året, manglar vi likevel ein person i redaksjonskomiteen. Kanskje du som les dette kan tenkje deg å vere med oss og lage Kyrkjebladet?

Asbjørn Gisnås

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Følgjande tysdagar frå kl.16.30 - 18.30

3. september, 1. oktober, 5. november og 3. desember

Inga påmelding, her er det berre å møte opp!

Treng du skyss til ettermiddagskafé? Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306. Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast på best mogleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.






BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus stiller stormen!



Finn ni dyr!

Namnet på ni dyr er gøymt inni rutenettet. Dyrenamna står bortover og nedover. Finn du alle ni?


R	N	I	G	J	H	L	A	B	W
R	A	R	D	E	U	G	L	E	I
E	F	E	R	N	N	Y	Å	E	N
K	R	O	K	O	D	I	L	L	E
O	I	T	A	P	O	D	N	E	S
R	R	E	T	P	E	L	A	F	U
N	K	R	T	I	G	E	R	A	R
A	N	D	R	O	T	I	U	N	Y
S	L	A	B	A	D	T	E	T	Z

Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Jesus lærte folket om Gud. Så dro han og læresveinane over sjøen. Undervegs vart det storm!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,-

(privatabonnement
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
fadder gave!

Full aktivitet på sjø og land!

I Vike vart det arrangert fisketur for både Vike og Tresfjord sokn, som er eit av tiltaka i trusopplæringa. Her fekk barna vere med å fiske, både med stong og med garn, og dei fekk lov til å være med å lage eit godt måltid av fangsten. Det vart også gjennomført «bygging» med ein flott gjeng frå Vike og Tresfjord. Det var flott å sjå kreativiteten og ideane som barna fekk medan dei bygde hytter.



Ikkje lenge etter at snøret var ute, vart det napp! Hos ein av deltakarane vart det ganske så dramatisk! Her var fangsten så tung at fiskestonga gjekk i to delar! Då såg Emil Balstad seg nødt til å hjelpe til med å hale inn fisken.



Ikkje rart at fiskestonga delte seg i to! Her ser de ekte fiskeglede utspele seg!



Dagen etterpå drog vi opp garnet som vi hadde sett dagen før. Litt av ein fangst! Denne gongen var det mykje meir bølger, men det stoppa ikkje deltakarane! Nokon av barna fekk ein heil dusj av vatn i ansiktet, men dei tørka vatnet vekk, og smilet var på plass igjen!



På dette tidspunktet har deltakarane fått i oppdrag om å bygge vidare på leikarhyttene i skogen. Dei tok fatt på arbeidet med iver og entusiasme!



Her ser de sluttresultatet til den andre hytta. Flott plass å kunne søke ly for vind og regn!



Her ser de resultatet til ei av hyttene. For ein innsats!

Slekters gang

Vestnes kyrkje/sokn

Døpte:

21.04 Ole Johan Todal-Robertsen
24.04 Jonas Kristen Frostad
07.05 Michael A. Solbakken Sandnes
30.05 Helmer Relling Bredeli
30.05 Villum Relling Bredeli
09.06 Thelma Misund Fiksdal
09.06 Jostein Strand Aas
07.07 Oskar Sekkenes Fjærli
07.07 Linnea Eik Nilsen
07.07 Mathias Amundsen Thuestad
21.07 Saga Saari Skjegstad
18.08 Adrian Jensen Sandnes

Vigde:

01.06 Anita Sæheim og Øystein Kjelsvik
29.06 Marita Tomren og
Magne Olav Sæter
03.08 Linda Edvardsen og
Aleksander Ellingsæter

Døde:

27.03 Synnøve G. Bårdsnes Nakken
30.03 Sigve Lie
30.03 Bjørg Olea Hjelvik
24.04 Per J. Lid
23.04 Vigdis Myklebust (*gravl. Vartdal*)
27.04 Jens Asbjørn Amdam

30.04 Tormod William Valen
15.05 Aron Fagerheim Aas
29.05 Kjell-Ove Henriksen
15.06 Olav Johnny Hagen
29.06 Mary Daugstad
16.07 Roar Vestnes
28.07 Rita Johanne Kathrine Ottesen

Tresfjord kyrkje/sokn

Døpte:

12.05 Nelia Longva Austnes
10.06 Karen Lyche Breivik
10.06 Aurora Rypdal Elvebakk

Vigde:

03.05 Azmera Tesfaye Beshir og
Lars Tore Bjermeland
01.06 Duangjai Somrakat og
Øystein Eidhamar

Døde:

24.03 Milla Oddbjørg Lindset
02.04 Kristine Eidhamar
20.04 Trygve Johannes Villa
25.05 Trude Almås Ødegård
19.06 Magnar Lange
17.06 Einar Roy Sætre
11.06 Kåre Hovde

Vike kyrkje/sokn

Døpte:

30.06 Elias Taveras Bjørkevoll
04.08 Kamile Stonyte
04.08 Jonas Stonys
04.08 Atene Stonyte

Døde:

23.03 Gerd Astrid Vike
27.05 Ingeborg Johanne R. Krogseth
25.06 Leif Asbjørn Skjegstad

Fiksdal kyrkje/sokn

Døpte:

14.07 Matilde Lande Marken

Vigde:

08.06 Lena Nordahl og
Kenneth S. Ellingseter
10.08 Anna Marie Lien og
Gunnar Bakk

Døde:

20.03 Ingeborg Svarstad Nakken
03.03 Borghild Melkild
03.08 Ivar Ingolf Nakken
05.08 Bodvar Peder Olsen

Konsert i Vestnes kyrkje torsdag 29. august kl. 19.00

Trioen Slagr med Katrine Schjøtt frå Vestnes, Anne Hytta og Amund Sjølie Sveen har konsert i Vestnes kyrkje torsdag 29. august. Med hardingfele, cello, vibrafon og glass skapar kammerfolk-trioen langstrakte, vakre og skjøre klanglandskap og drivande, suggererande musikk. Mykje er komponert, mens noko og blir improvisert fram der og då.



Foto: Morten Spaberg

Temakveldar i Vestnes kyrkje

Undervisningsutvalet til Vestnes sokneråd har lagt opp til to temakveldar i Vestnes kyrkje i haust. Den første er onsdag 18. september kl. 19.00 med Pater Stamnestrø frå Ålesund. "Katolsk tru og praksis."

Den andre temakvelden er onsdag 6. november kl. 19.00 med prost på Sunnmøre Svein Runde. «Å byggje kyrkjelyd»

Misjonskveldar på Vestheim ungdomssenter

Denne hausten er det lagt opp til tre misjonskveldar på Vestheim ungdomssenter av misjonsutvalet til Vestnes sokneråd. Torsdag 5. september kjem sokneprest John Sylte. Emne "Kva inneber det at vi som kyrkjelyd har eit misjonsprosjekt?". 10. oktober vil diakon Ellen Edvardsen delta og 21. november er det og samling. Alle med hovedvekt på misjon, fellesskap og kveldsmat. Du er velkommen alle kveldar kl. 19.00.

Kyrkjebasar og balldag på Vestheim ungdomssenter

Torsdag 24. oktober arrangerer Vestnes sokneråd igjen basar og balldag på Vestheim ungdomssenter. Kom gjerne og kjøp lodd og ta middagen der den dagen.

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

01. sept. 12. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med trøkk.

Presentasjon av Tomrefjord-
og Vestnes-konfirmantane.

Takkoffer til Changemaker.

08. sept. 13. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Nattverd.

Utd. av 4-årsbok. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til IKO.

15. sept. Vingardssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Nattverd.

Utd. av 4-årsbok. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til IKO.

22. sept. 15. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Nattverd.

Utd. av 4-årsbok. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Topp Safari.

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 18.00

Tomasmesse. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Åkerlehaugen.

29. sept. 16. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Nattverd.

Utd. av 4-årsbok og 2-årsbok.

Takkoffer til søndagsskulen Romsdal
krets.

06. okt. 17. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Stefanusalliansen.

13. okt. 18. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

misjonsprosjektet i Mali.

20. okt. 19. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til Misjons-

prosjektet NMS.

20. okt. 19. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til Misjons-
prosjektet NMS.

27. okt. Bots og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Nattverd.

Utd. til 5. kl frå Helland.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

3. nov. Alle Helgensdag

Vike kyrkje kl. 11.00

Helgemesse. Takkoffer

til Diakoniarbeidet i soknet.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Helgemesse. Takkoffer.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Bibelselskapet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til diakoniarbeidet i
soknet.

10. nov. 22. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til eige

barne- og ungdomsarbeid.

17. nov. 23. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste i lag med Vike

sokn. Utd. til 5. kl. Lys vaken.

Nattverd. Takkoffer til trus-
opplæring i soknet.

24. nov. Kristi kongedag

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Utd. til 5. klasse frå Tomrefjord.

Lys vaken for heile soknet.

Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Barnevakten.

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

30. nov. Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventssong. Lys vaken.

Takkoffer.

01. des. 1. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til

Diakoniarbeidet i soknet.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

John Sylte, sokneprest

Telefon 71184234/ 91865064

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Anders Barstad, sokneprest

Telefon 71184237/ 94846246

E-post: anders.barstad@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 71184236/ 97499175

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmantlærer

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

